

# RAPPORT

## FLOENUNDERSØKINGA 2004 – 2014

Avdeling for rusmedisin

2017



Hallbjørg Hage

# INNHOLD

Innhald .....	2
Forord.....	4
Samandrag .....	5
Abstract .....	5
Innleiring.....	7
Terapeutiske samfunn.....	7
Seksjon Floen.....	8
Faseinndeling .....	10
Terapeutisk samfunn i kunnskapsbasert helsetjeneste .....	11
Metode.....	13
Prosedyre og utval .....	13
Datainnsamling.....	14
Analysar.....	16
Resultat .....	17
Del 1 .....	17
Skildring av elevgruppa .....	17
Kartlegging av rusmønster hos respondentane før innlegging ved Seksjon Floen .....	17
Kartlegging av ulike område før og etter innlegging.....	19
Kontakt med hjelpeapparatet vedrørande rusrelaterte problem etter innlegging .....	26
Psykisk og fysisk helse no .....	29
Livssituasjonen siste 12 månader.....	32
Del 2 .....	34
Behandlingsophaldet ved Seksjon Floen.....	34
Grunnar til å søkje behandling ved Seksjon Floen .....	34
Innlegging og tid i behandling .....	35
Evaluering av behandlingstilbodet.....	39
Nytteverdi av behandlinga .....	39
Har behandlinga medverka til gode endringar hos deg.....	40
Evaluering av ulike behandlingselement.....	42
OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....	47
Avgrensingar og styrker ved studien.....	47
Resultatoppsummering.....	48
Pre innlegging.....	48
Post innlegging/siste 12 månader.....	48

Behandling ved Seksjon Floen.....	50
Konklusjon.....	51
Referansar .....	52
Spørreskjema .....	55

## FORORD

Rapporten tar utgangspunkt i data frå **Floenundersøkinga 2004 – 2014**. Undersøkinga har hatt som mål å kartlegge dei som har vore lagt inn i døgnbehandling ved Seksjon Floen etter at behandlingseininga vart overført frå Hordaland fylkeskommune til Helse Bergen HF i 2004. Målet var å kartlegge den typiske floeneleven før innlegging, korleis det går med dei i ettertid, i tillegg til å evaluere ulike behandlingselement og korleis desse har verka inn på elevane si rusmeistring. Undersøkinga vart gjennomført i perioden oktober 2015 til september 2016.

Datamaterialet inkluderer ei rekke personlege spørsmål. Vi takkar alle som har deltatt i undersøkinga og alle som har deltatt i innsamling av data. Vi rettar ein spesiell takk til Mona Engeberg for hjelp i datainnsamlinga, Silvia Alpers for hjelp med statistisk omarbeiding, PhD Camilla Løvvik ved Universitet i Bergen for gjennomgang av spørjeskjema, og Siv Elin Carlsen for hjelp med prosjektsøknaden til Regional etisk komité for medisinsk og helsefagleg forsking (REK).

Spørsmålsskjema som ligg til grunn for undersøkinga er delvis basert på spørsmål frå «Kvalitetsregister rus» og frå «Brukerundersøkelse for LAR- pasienter». Vi takkar Jan Tore Daltveit ved Avdeling for Rusmedisin, Helse Bergen og Amund Aakerholt ved KORFOR i Stavanger for samarbeidet. Alle spørsmåla vart gjenstand for grundig omarbeiding. Vi takkar også tidlegare elevar, tilsette og samarbeidspartnarar for gode innspel i omarbeiding av spørsmålsskjema.

Undersøkinga er i heilskap finansiert av Helse Bergen HF, Avdeling for rusmedisin.

# SAMANDRAG

Floen er eit terapeutisk samfunn (TS) som sidan 1986 har drive medikamentfri, relasjonsbasert langtidsbehandling av tunge rusavhengige. I perioden oktober 2015-september 2016 gjennomførte Helse Bergen HF, Avdeling for Rusmedisin, ei intern systematisk evaluering av behandlingseininga sitt behandlingstilbod på følgjande område: kartlegging av eleven pre-innlegging, kartlegging av tida etter første innlegging, kartlegging av livskvalitetsfaktorar siste 12 månader, i tillegg til kartlegging og evaluering av behandlingsoppahaldet ved Seksjon Floen.

Ved hjelp av eit strukturert spørsmålsskjema innhenta vi informasjon frå 96 pasientar og tidlegare pasientar som hadde vore i døgnbehandling ved seksjonen i perioden frå januar 2004 til utgangen av 2014.

Resultata indikerer at Seksjon Floen tilbyr ei behandlingsform som fungerer godt for mange med ein langvarig rusmiddelbruk og store tilleggsbelastningar i form av psykisk liding, traume, relasjonsvanskar og andre tilleggsvanskar. Behandlinga synest å ha stor nytteverdi for seinare rusmeistring, helse, trivsel og kvardagsfunksjon. Effekten verkar ikkje vere avhengig av at ein fullfører behandlingsløpet, men tid i behandling har noko å seie for å oppnå stabil rusmeistring over tid. Resultata tyder på at Floen i stor grad klarer å gje pasientane den behandlinga dei har som mål å tilby, og klarer skape dei rammene slik behandling treng for å kunne fungere godt.

## Abstract

Section Floen functions as a therapeutic community, for treatment of people with severe drugaddiction. The overall platform of treatment has since it was established in 1986 been drug-free, with emphasis on longitudinal recovery-oriented relationship-based treatment. During the period of October 2015 to September 2016, Haukeland University Hospital, Department of addiction medicine, has completed a systematic evaluation of the above mentioned treatment program. The following topics have been evaluated: survey of the patients pre-admission, survey of early period of admission, factors of life quality last twelve months and survey of the treatment given at Section Floen. By using a structured questionnaire we gathered information from ninety-six patients who have been inpatients in section Floen at some point during the period 2004 - 2014. There were made no distinctions regarding length of treatment or how they terminated their treatment programme.

The results indicate that Floen uses a platform of treatment which meets the need of many patients with a long history of drugaddiction and severe amount of additional challenges. Some of the challenges are psychiatric comorbidity, learning-difficulties, trauma, relational conflicts, problems with police and the courts. The results indicate that the treatment has a major impact on later control of substance use, legal issues, health, wellbeing and level of everyday functionality. The indicated effect does not seem to be dependent on completing the treatment programme, but amount of time in treatment shows some impact on stability in control of drug dependency. The

evaluation gives us reason to assume that section Floen to a great extent manages to give the patients the treatment it intends to give, and to provide a framework of continuing care supported by the flexible use of inpatient and outpatient care which this group of patients is in need of.

# INNLEIING

Behandlingsideologi kan definerast som dei berande idear og tankar som ligg til grunn for vårt menneskesyn når vi klassifiserer det vi ser, og som vi orienterer oss i høve til når vi ønskjer utvikling (Furuholmen og Schanche Andresen, 2007). Vår ideologi, vårt syn på kva noko er, og kva som fasiliterer endring blir påverka av mellom anna forsking, økonomi, politikk, ulike samfunnstrendar og personleg erfaring. Det varierer i kva grad den enkelte behandler og behandlingsinstitusjon er klar over kva ideologi som ligg til grunn for den behandlinga som vert gjeve.

Ulike ideologiske modellar for behandling av rusavhengige har vakse fram, endra seg, og forsvunne i rask rekjkjefølge, etter kvart som kunnskap på feltet, storsamfunnet og «kven» dei rusavhengige er, har endra seg (Furuholmen & Schanche Andresen, 2007). I dag er rusbehandling sidestilt med behandling i somatisk - og psykisk helsevern. Tiltak og behandling er regulert gjennom lovverk, rundskriv og nasjonale rettleiarar som sikrar at behandlingstilbod skal vere tufta på kunnskapsbasert praksis, og vere tilstand for kontinuerleg dokumentering og evaluering (Helsedirektoratet, 2017). Målsettinga med «Floenundersøkinga 2004 - 2014» var å evaluere behandlingseffekt i eit tiltak etablert med ein klar behandlingsideologi.

## Terapeutiske samfunn

Seksjon Floen, også kalla «Floenkollektivet», vart etablert i 1986 og er døme på eit behandlingstilbod som har ein klart definert behandlingsideologi, med fellesskapet som berande hovudelement. Seksjon Floen er eit terapeutisk samfunn (TS), der sjølvhjelpelementet er framståande. Den primære terapeutiske målsettinga med behandling innanfor eit TS, er gjennom fellesskapet å forandre den enkelte sin livsstil og identitet, slik at den passar med eit sunt levesett (De Leon, 2003). Det er essensielt at dette samfunnet i størst mogleg grad speglar det reelle samfunnet, samstundes som det må ha kvalitet av å vere eit trygt læringsmiljø (Furuholmen og Schanche Andresen, 2007). All aktivitet i eit slikt «minisamfunn» vil potensielt kunne nyttast terapeutisk til å promotere positiv endring. Ideologisk stemmer TS-modellen godt overeins med ein recoveryorientert praksis som no veks fram innanfor rus- og psykiatrifeltet (Vaglum, 2017, Vanderplasschen, 2013).

Sjølv om Seksjon Floen ideologisk kan plasserast innanfor TS, starta behandlingseininga som eit bu- og arbeidskollektiv med eit levefellesskap prega av arbeid, solidaritet, likeverd, fridom og demokrati. Denne bakgrunnen kjem mellom anna til syne ved at Floen sitt TS i stor grad har behalde fokus på likestillande verdiar, og i lita grad har adoptert hierarkiske strukturar som er ein del av behandlingsmodellen ved mange TS (De Leon, 2003). På same måte som innan TS blir behandling i kollektiv skildra som ein gjensidig læringsprosess der behandlingseininga blir sett som eit «minisamfunn». Kollektivet er ein arena for samskaping som gjev utfordringar, arbeid og kriser (Waal, et.al. 1981). Eit døme på slik ideologi i praksis er at pasientomgrepene blir bytta ut med andre namn, som «ungdom», «medlemmer» og «elevar», med mål om å oppnå meir likestilt og aktiv integrering av dei innlagte (Waal, et. al. 1981).

Innan TS blir det å vere rusavhengig sett som ei liding ved heile personen, og som eit symptom, ikkje som problemet i seg sjølv (De Leon, 2003). Ein slik ideologi kan mellom anna integrere psykologiske, sosiale, relasjonelle, medisinske og kulturelle forklaringar på rusavhengigkeit. Dette fordi fokus for behandlingsmodellen først og fremst ligg i å skape progresjon og vekst hos elevane innan dei definerte problemområda dei har (Furuholmen og Schanche Andresen, 2007).

TS har heile tida vore prega av ein behandlingsideologi med den innlagte i terapeutrolla, som aktiv deltar i si eiga og andre si behandling. Det gjer TS ved å vektlegge den enkelte sitt ansvar og mogleik til å meistre sitt eige liv, og også ved å ta ansvar for å skape eit fellesskap som bidrar til å skape personleg vekst hos den enkelte i alle aktivitetar som føregår i det «minisamfunnet» TS utgjer (De Leon, 2003; Furuholmen & Schanche Andresen, 2007).

Dei fleste TS opererer med ein eller annan type faseinndeling, der innlagte får større ansvar og privilegium etter kvart som dei flyttar seg gjennom fasane. Fokus på å vere kulturberar, rollemodell, korrigerande rettleiar og støtte for andre innlagte er element innan ei slik fasetenking (Furuholmen & Schanche Andresen, 2007).

Sidan etablering av TS-modellen har brukarkompetanse hos dei tilsette vore viktig. Dette er framleis vurdert som viktig kompetanse for å arbeide i eit TS, men personale med helsefagleg kompetanse utan brukarerfaring har etter kvart blitt meir vanleg. Uavhengig av grunnkompetanse treng alle tilsette i eit TS å vere medvitne om eigen behandlingsideologi, og dei må vere trygge på kva behandlingsideologien i TS betyr i praksis. Dei må på same måte som dei innlagte vere kulturberarar, rollemodellar og korrigerande rettleiarar for kvarandre og for dei innlagte. I tillegg til god terapeutisk kompetanse treng dei både personleg rettleiing, prosessretteliing i gruppe, systemretteliing og ekstern kursing for å kvalitetssikre at «minisamfunnet» opprettheld kvaliteten av å vere ein trygg, men reell treningsarena for å taklelivet i storsamfunnet utanfor (Furuholmen & Schanche Andresen, 2007).

Integrering i storsamfunnet er ein viktig del av behandlingsmodellen innan både TS og kollektiv (De Leon 2003; Furuholmen & Schanche Andresen, 2007). Resultat frå ulike undersøkingar har vist at tilbakeføringa til storsamfunnet etter opphold i kollektiv er krevjande, og synleggjer behovet for god oppfølging over tid (Ravndal, 2007; Lie & Granby, 2011). Identitetsendring er ein gradvis prosess der samanhengen mellom personen sine behandlingserfaringar og andre livserfaringar etter kvart blir opplevd som ei sosial og personleg identitetsendring (Furuholmen og Schanche Andresen, 2007). Innanfor TS- modellen må perspektivet og tilnærminga som styrer oppfølginga vere ei fortsetting av primærbehandlinga i TS (De Leon, 2003). Dette krev tett og godt samarbeid mellom behandlingseinininga og andre deler av personen sitt profesjonelle og private nettverk, uavhengig av om oppfølginga blir gjennomført innan grensene til det enkelte TS og kollektiv, eller gjennom kommunale ettervernstiltak.

## **Seksjon Floen**

Seksjon Floen sitt terapeutiske samfunn er frivillig, medikamentfri, relasjonsbasert langtidsbehandling. Dei som er i behandling her er elevar, ikkje pasientar. Elevane er

rusavhengige med tilleggsbelastningar i form av åtferdsvanskar, relasjonsskadar, traumebelastning og/eller psykiske lidingar. Elevpopulasjonen ved første inntak er av begge kjønn i alderen 18 - 32 år. Dei har som oftast prøvd anna behandling først, og er blitt vurdert til å ha behov for omfattande og langvarig behandling for å kunne oppnå god og stabil rusmeistring. Dei som blir tilmeldt Seksjon Floen blir i all hovudsak rekna å ha eit kronisk avhengigkeitssyndrom, jamfør den Internasjonale klassifikasjonen av sjukdommar og andre helseproblem som heng nært saman med sjukdommen (ICD-10, 2017). Problemomfanget hos elevpopulasjonen i Seksjon Floen plasserer dei fleste i kategorien som i Prioriteringsrettleiar for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) blir rekna å trenge omfattande og langvarig innsats (Helsedirektoratet, 2017).

Lauritzen, Ravndal og Larsson (2012) skildrar ulike klientgrupper i sin oppfølgingsstudie av narkotikabrukara gjennom 10 år. Elevpopulasjonen ved Seksjon Floen har i stor grad same historiske bakgrunn som Kollektivgruppa pre-innlegging i denne undersøkinga. Dette inkluderer tidlegare traumebakgrunn, psykiske vanskår, åtferdsvanskår, skulevanskår, familieproblematikk i form av pårørande med rus – og psykiske vanskår, kriminalitet og valdsproblematikk. Seksjon Floen sin elevpopulasjon er elles noko eldre enn kollektivpopulasjonen i den nemnde studien, og har utvikla eit kronisk avhengigkeitssyndrom, i tillegg til å ha opplevd ytterlegare belastningar på mange livsområde som ein konsekvens av rusavhengigheita si.

Målet med Floen si behandling er rusfridom. Hovudfokus ligg i å hjelpe den enkelte til å endre ein dysfunksjonell livsstil og gje elevane kjensla av å reelt kunne velje korleis dei vil handle, utan å vere styrt av gamle dysfunksjonelle handlingsmønster, og eigne dårlege erfaringar. All aktivitet gjennom døgnet blir sett som terapeutisk verksemd. Fast arbeidsstruktur, psykoterapi i grupper, fysisk aktivitet, sosialt fellesskap og anna meiningsfull aktivitet (musikkterapi, kunstterapi, keramikkverkstad m.m.) dannar ramma for eit individualisert løp for eleven. Individualsamtaler blir brukt for å motivere, bearbeide og gje innsikt hos den einskilde elev, og sikre at den enkelte sitt pasientløp blir tilpassa og justert gjennom kontinuerleg behandlingsplanlegging i alle fasar. Stikkord for behandlingsmål er arbeid med familie- og nettverksrelasjoner, tilknyting, tryggleik, open og ærleg kommunikasjon, aktiv deltaking og aukande meistring integrert i alle livsområde.

Seksjon Floen har stort fokus på å støtte den enkelte inn i meiningsfull aktivitet, i form av utdanning og/eller jobb, og på sikt ein uavhengig økonomisk kvardag. I siste fase av døgnbehandlinga krev seksjonen at elevane må ha dagtilbod utanfor institusjonen. I denne fasen har ein stort fokus på å hjelpe den enkelte til å behalde og integrere den nyerverva kunnskapen sin inn i dagtilboden. Sidan 2012 har Seksjon Floen deltatt i pilotprosjektet «Jobb først», saman med NAV og førstelinjetenesta. Eigne jobbkonsulentar er integrert i seksjonen i full stilling, og alle elevane får tilbod om hjelp på dette feltet etter Individual Placement and Support –metodikk (IPS) (Nøkleby, Blaasvær og Berg, 2017). Jobbkonsulentane har tett samarbeid med den enkelte elev og behandlingspersonalet, med spesifikt mål om å få den enkelte ut i vanleg lønna arbeid som han/ho kan trivast med.

## Faseinndeling

Behandlinga er inndelt i fire fasar, med ein del faste terapeutiske intervensionar knytt til den enkelte fase. Fasemodellen er fleksibel, for å auke moglegheita for å arbeide systematisk over tid med ei pasientgruppe der tilbakefall er hyppig førekommande (Ravndal, 2010). Modellen gjev moglegheit for overføring mellom fasane ut i frå eleven sitt behov til ei kvar tid. Floen har sidan starten praktisert brukarstyrt seng i begge døgneiningane. Desse er for elevar i poliklinisk oppfølging som har behov for å skjerme seg i korte periodar. Tidlegare elevar skal òg prioriterast for re-inntak ved seksjonen om det vert vurdert at dei vil ha nytte av slik behandling.

**Fase 1** vart oppretta i 2009 og gjev tilbod om dagbehandling, individualterapi og terapeutiske grupper. Det er ikkje krav om rusfridom, men ein må vere i stand til å kunne gjere seg nytte av tilboden. Behandlinga i denne fasen er prega av motivasjonsarbeid og det å gje eleven tru på at han kan meistre rusfridom og endring til eit betre liv. I denne fasen jobbar ein aktivt med å førebu eleven på Fase 2, i tillegg til å organisere det praktiske rundt innlegging og å organisere gode samarbeidsarenaer med familie, nettverk og samarbeidspartnarar. Før 2009 fekk elevane pre-innlegging og ein eller fleire inntakssamtaler, i tillegg til noko individuell oppfølging i forkant av avrusing og innlegging.

**Fase 2** er døgnbehandling på ein stor gard med dyrehald. Det er plass til femten elevar. Elevane ser dette som heimen sin i perioden dei bur her, og deltar aktivt i alle deler av livet her. I tillegg til dei ulike terapeutiske gruppene, individualterapi, trening, sosiale aktivitetar og organiserte turar, har ein delt inn arbeidsdagen i tre arbeidsfelt: Gard, vedlikehald og hushald. Normal behandlingsperiode utan avbrot i Fase 2 er individuelt tilpassa, regulert gjennom kontinuerleg behandlingsplanlegging og kan variere frå 6 - 15 månader.

Kvalifisering vidare til Fase 3 er avhengig av at eleven er komen godt i gang med å skaffe seg dagtilbod i samarbeid med «Jobb først», i tillegg til å ha vist stabilt god rusmeistring gjennom sosiale aktivitetar utanfor den skjerma behandlingseininger som Fase 2 er. Døme på slike aktivitetar er treningsturar og treningsveker i døgneininga i Fase 3, og besøk hos nettverk og familie. Overføring til Fase 3 skjer i samråd med medelevar og personale, via eigensøknad der eleven skildrar problemområda sine, endring etter behandlingsstart og endringsfokus framover.

**Fase 3** er eit døgnbemanna leilegheitskompleks i Bergen, med plass til 9 elevar. Behandlingsfasen har som mål å støtte elevane i prosessen med å behalde og vidareutvikle dei nye haldningane og verdiane dei etablerte i Fase 2. Her arbeider ein kontinuerleg med å halde fokus på, og å intensivere stabilisering av endringsprosessen hos den enkelte. No skal dei nytte dei erfaringane og den positive relasjons- og samspelskompetansen dei har etablert gjennom Fase 2, i andre deler av nettverk, samarbeidspartnarar og jobb/skule. Målet er å opparbeide meistring i å handtere indre kjenslemessige variasjonar og ytre praktisk samfunnsliv samtidig.

**Fase 4** er poliklinisk oppfølging etter enda døgnopphald. Her blir det gjeve tilbod om gruppe med andre i same fase, individualbehandling, og fortsatt støtte i «Jobb først». I tillegg er det opne miljøet i poliklinikken ein stad ein kan komme når ein treng ein trygg, men utfordrande base, der kvalifiserte og kjende tilsette og andre elevar er tilgjengelege.

#### Terapeutisk samfunn i kunnskapsbasert helseteneste

Både internasjonale og norske studiar gjev hald for at behandling av rusavhengige i ideologiske behandlingsmodellar som terapeutiske samfunn og behandlingskollektiv, gjev tydeleg betring i rusbruk og andre livskvalitetsindikatorar for mange av dei som får dette tilboden (Karterud, 1989; Ravndal, 2007; Lauritzen & Ravndal, 2012; Vanderplasschen et.al., 2013). Store ulikskapar i utforming av undersøkingane, saman med ulik utforming av metodikken innan ulike TS og kollektiv, gjer det likevel vanskeleg å generalisere konklusjonar frå resultata på dei studiane som er gjort. Innanfor ein metodikk som er avhengig av fellesskapet som berande behandlingselement vil òg klientgrunnlaget, både i høve til rusbruk, tilleggsproblematikk, alder og anna, gjere det vanskeleg å trekke generelle konklusjonar om effekt.

Rusbehandling sorterte tidlegare under Sosialdepartementet, og Seksjon Floen var då plassert under Hordaland fylkeskommune. Ved rusreforma i 2004 (Helsedepartementet, 2004) vart rusbehandling overført til Helse- og omsorgsdepartementet, og Floen vart overført til Helse Bergen, tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB). Seksjonen har sidan overføringa i 2004 vore i kontinuerleg endring, for å sikre at behandlinga som blir ytt er i tråd med gjeldande krav om kunnskap, forsking, nasjonale rettleiarar og retningslinjer (Helsedirektoratet, 2017).

Seksjon Floen har sidan starten hatt fleire interne evalueringar, i tillegg til uoffisielle oppteljingar. Desse tyder på at dei som har vore gjennom behandling har hatt god nytte i form av betring i livskvalitetsindikatorar på område som busituasjon, rusmeistring, utdanning, sosiale og relasjonelle forhold. Det var likevel behov for ei systematisk evaluering av behandlingstilboden slik det har utvikla seg etter overføring til spesialisthelsetenesta, og få talfesta korleis det går med elevane over tid.

Floenprosjektet 2004 – 2014 hadde som mål å evaluere den terapeutiske samfunnsmodellen slik den er utforma hos Seksjon Floen, gjennom å kartlegge elevar som har vore i døgnbehandling ved behandlingseining etter overføring til Helse Bergen HF. Spørsmål det vart søkt svar på, var kven som kom i behandling ved Seksjon Floen og korleis det gjekk med dei som hadde vore i behandling. Vi ønskte òg å finne ut om, og i tilfelle kva, behandlingselement elevane vurderte hadde innverka på deira rusmeistring slik ho stod fram ved undersøkingstidspunkt.

Seksjon Floen har ein klart definert behandlingsideologi. Eitt mål i prosjektet var å sjå i kva grad elevane som gjennomgjekk behandling opplevde dei ulike behandlingselementa å vere til stades i eiga behandling, og om dei vurderte dei som nyttige for si vidare livsmeistring. Eller sagt med andre ord, om Floen i praksis ytte den behandling dei hevda å gje.

Resultata som blir presentert i denne rapporten vil bli gjennomgått opp mot krav til behandlingsinnhald i dei ulike fasane ved seksjonen, og er tenkt brukt direkte inn i kvalitetsforbetrande arbeid. Prosjektet har som ambisjon å få fram ulike variablar som kan predikere utfall, og gje ny kunnskap i høve til faktorar som verkar inn på rusmeistring over tid. Det er viktig for noverande elevar, framtidige elevar, pårørande og Helse Bergen å gjennomgå og gje rett informasjon om behandlingsutbyte for den medikamentfrie behandlingsforma Seksjon Floen representerer.

# METODE

## Prosedyre og utval

Studien vart gjennomført av Helse Bergen HF, Avdeling for Rusmedisin, i perioden oktober 2015 til september 2016. Prosjektet «Medikamentfri behandling av tunge rusavhengige i spesialisthelsetenesta. Korleis går det med dei no, og kva meiner dei har medverka til livskvaliteten dei har i dag?», i rapporten kalla «Floenundersøkinga 2004–2014», er godkjent av Regionale komité for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk (REK).

Det totale tal pasientar som var innlagt ved Seksjon Floen i perioden 01.01.2004 – 31.12.2014 var 196. Utvalet er henta frå denne populasjonen.

Vi brukte pasientopplysningsdata i DIPS<sup>1</sup> for å finne oppdatert kontaktinformasjon på dei som ikkje var i uformell eller formell kontakt med Seksjon Floen på undersøkingstidspunktet. DIPS er kopla mot folkeregister i høve til adresse, men det er her ikkje registrert oppdaterte telefonnummer på personar som ikkje er i aktiv behandling i Helse Bergen HF. Av etiske omsyn sende vi ikkje ut spørsmål om å delta i undersøkinga via post utan at vi hadde snakka med respondenten på telefon i forkant. Vi forsøkte å kontakte alle som var registrert med telefonnummer i DIPS, mange tok ikkje telefonen, eller telefonnummer var ikkje lenger aktivt på den aktuelle personen. Vi sökte opp oppdaterte telefonnummer på dei som ikkje var i aktiv behandling, men tok her ikkje kontakt med mindre vi var sikre på at nummer var knytt til aktuell person.

**Tabell 1** Oversikt over respondentar

	Kvinner		Menn		Totalt	
	n	%	n	%	N	%
Totalt i populasjonen	62	31,6	134	68,4	196	100
Utval	35	36,4	61	63,5	96	49
Døde	3	18,8	13	81,2	16	8,2

Tabell 1 viser at data blei samla inn på til sammen 96 personer. Kjønnsfordelinga både i populasjon og utval var omtrent ekvivalent med tala nasjonalt innanfor desse områda. Delen av kvinner i utvalet var 5 prosent høgare enn i den totale populasjonen.

I tillegg inkluderte utvalet 16 døde frå populasjonen. For desse vart det registrert alder, inntak, re-inntak der dette var notert, samt fødsel- og dødsdato. Sidan dødsårsak i lite grad var dokumentert i pasientjournal, var det vanskeleg å vite om dødsfalla kunne sjåast i samanheng med rusmiddelbruk og rusbehandling.

<sup>1</sup> Elektronisk pasientjournalsystem i Helse Bergen HF

**Tabell 2** Oversikt over fordeling av pasienter i behandling og ikke i behandling i Floen

Pasientar	Tal		
	Døgn	Poliklinikk	Totalt
fortsatt i behandling	11	24	35
ikkje i behandling i Floen			59

Tabell 2 viser kor mange av respondentane som var i behandling ved Seksjon Floen på utfyllingstidspunkt. To svarte ikkje på dette spørsmålet.

Det vart ikkje registrert kor mange av desse som var innlagt på re-inntak. Re-innlegging i døgn hadde vore aktuelt for 48 av dei 96 respondentane. 14 av respondentane hadde vore re-innlagt i døgn fleire gonger. For å bli inkludert i utvalet måtte respondenten ha vore innlagt i døgn før 01.01.2015. Gjennomføring av undersøkinga starta oktober 2015.

## Datainnsamling

Prosjektdesignet var ein retrospekt studie. Data vart basert på sjølvrapportering, og innhenta ved bruk av eit strukturert spørsmålsskjema med førtini hovudspørsmål, tre av desse var fritekst spørsmål (Appendix 1). I tillegg til spørsmål utvikla spesielt for prosjektet, inkluderte vi spørsmål frå «Kvalitetsregisteret for rusbehandling i Helse Vest»<sup>2</sup> (Helse Stavanger, 2015), i tillegg til spørsmål frå «Brukerundersøkelse for LAR pasientar»<sup>3</sup>, (Daltveit, 2014). Spørsmåla vart gjennomarbeidd i samarbeid med ei referansegruppe tverrfagleg samansett av tidlegare rusavhengige, medarbeidarar og leirarar ved Seksjon Floen, prosjektleiar i «Jobb først» og psykologspesialist og PhD Camilla Løvvik ved Universitetet i Bergen. Nokre av spørsmåla frå eksterne skjema vart modifisert etter ei pilotutprøving gjennomført med tidlegare elevar og tilsette, før datainnsamlinga vart sett i gang.

Spørsmålsskjema hadde tre hovudfokusområde:

1. Kartlegging av forhold før første innlegging ved Seksjon Floen, inkludert debutalder, traume, psykiske og relasjonelle vanskar, sjølvmordsforsøk, overdosar, kriminalitet, valdeleg åtferd, rusbruk, økonomi og utdanning.
2. Kartlegging av tida etter første innlegging ved Seksjon Floen, inkludert kontakt med hjelpeapparatet, utdanning/arbeid, kriminalitet og traume. Ulike livskvalitetsfaktorar siste 12 månader som nettverk, nære forhold, rusmiddelbruk, bustad, fritid, aktivitet, jobb/utdanning, samt vurdert fysisk og psykisk helse vart inkludert her.

<sup>2</sup> Dette verktøyet er utvikla av KORFOR på oppdrag frå Helse Vest RHF. Det er i 2017 søkt godkjent som nasjonalt kartleggingsverktøy for alle pasientgrupper i TSB.

<sup>3</sup> Lar pasientundersøkelse utvikla ved Forsknings- og utviklingsseksjonen ved Helse Bergen HF, Avdeling for rusmedisin. Spørsmåla er validert frå Kunnskapssenteret.

3. Kartlegging av behandlingsophaldet ved Seksjon Floen, inkludert tid i behandling, re-inntak, nytteverdi av ulike verktøy og grunnpilarar i behandlingsmodellen, samt vurdert nytteverdi av opphaldet for rusmeistring og rehabilitering.

Før respondentane svarte på spørsmålsskjema fekk dei munnleg informasjon om studien. Dei fekk òg eit orienteringsskriv om studien som gav informasjon om prosjektet og korleis resultata var tenkt brukt, at svara frå undersøkinga ville bli anonymiserte og publiserte. Dei vart informert om at det var frivillig å delta, og at dei kunne trekkje seg undervegs viss dei ønskte, utan at det fekk konsekvensar for vidare behandling i Seksjon Floen eller Avdeling for rusmedisin. Det vart innhenta informert skriftleg samtykke frå deltakar.

Dei døde i populasjonen vart inkludert i tråd med REK-godkjenning.

## ANALYSAR

Statistikkprogrammet SPSS versjon 23 vart brukt til statistiske analysar. Resultata i rapporten er skildrande. Vi har i hovudsak valt å presentere grupper i heile tal og prosent, og med få unntak er det ikkje gjort statistiske testar for å undersøke statistisk signifikante ulikskapar mellom gruppene.

Nokre av respondentane svarte ikkje på alle spørsmål i spørreskjema. Årsakene kan vere mange, at ein misforstod spørsmålet, hoppa over ei side i skjema, eller ikkje ville svare. I dei tabellane som presenterer absolutte tal og prosent, gjev vi alltid svar basert på svarprosent. Denne vil då alltid summerast til 100.

# RESULTAT


## Del 1

### Skildring av elevgruppa

#### Kartlegging av rusmønster hos respondentane før innlegging ved Seksjon Floen


Her skildrar vi debutalder, hyppigheit av rusmiddelbruk og alvorsgrad av rusbruk i perioden før innlegging i Seksjon Floen fase 2. Alt som blir presentert er basert på sjølvrapportert informasjon.

**Figur 1 Debutalder rusbruk**




Gjennomsnittleg debutalder for rusbruk hos respondentane var mellom 12 og 15 år. Kvinnene rapporterte litt høgare debutalder enn menn. Sju av ti byrja ruse seg før fylte 15 år (71 %). Nesten ein av sju rapporterte at dei byrja ruse seg før dei fylte 12 år (15 %).

**Figur 2 Hyppighet av rusmiddelbruk siste 12 månader før innlegging**



Respondentane ruste seg mykje i forkant av innlegginga. Nesten tre fjerdedelar (72 %) brukte rusmiddel dagleg. I underkant av ein tidel (9 %) brukte rusmiddel nesten dagleg. Berre seks personar svarte at dei rusa seg kvar veke. Eit lite fåtal (8 %) var innlagt i annan institusjon over tid i forkant av innlegging og nytta derfor periodevis eller sjeldan rusmiddel i forkant av første innlegging ved Seksjon Floen.

**Figur 3 Eigenvurdert alvorsgrad av rusmiddelbruk siste 12 månader før innlegging**



Figur 3 viser at fire av fem (81 %) hadde ein rusbruk som var svært omfattande og ute av kontroll. Om lag ein tidel (13 %) hadde omfattande rusmiddelbruk, men opplevde å ha den under kontroll. Berre ein av tjue (5 %) hadde rusmiddelbruken nokolunde under kontroll. Desse tala stemmer godt med det som kom fram i figur 2.

## Kartlegging av ulike område før og etter innlegging

I denne delen har vi kartlagt ein del område før og etter innlegging. På nokre av områda spurte vi etter korleis situasjonen har vore siste 12 månader medan det på andre spørsmål er spesifisert at svaret skal vere etter at dei første gong var innlagt i Floen døgn. Dette vil bli spesifisert i kommentar til den enkelte figur. Resultata i denne delen inkluderer heile utvalet. Tid sidan første innlegging varierer stort i utvalet og ein vil derfor ikkje i denne delen kunne konkludere at endringane er resultat av behandlinga dei har fått ved Seksjon Floen.


### Rusmiddelbruk

Figur 4 viser rusmiddelbruk før innlegging samanlikna med siste år før gjennomført kartlegging. På dette spørsmålet kunne respondentane gje opp alle rusmiddel dei hadde nytta i perioden, og dei vart ikkje spurt kor hyppig dei nytta det enkelte stoffet.

Ein respondent svarte ikkje på spørsmålet før innlegging, medan alle svarte på spørsmålet gjeldande dei siste 12 månadene.

Gjennomsnittet av respondentane svarte at dei brukte rusmiddel innanfor 7,4 av dei oppsette kategoriene før innlegging. Til samanlikning brukte gjennomsnittet av respondentane dei siste 12 månadar rusmiddel innan 3,4 av dei oppsette kategoriene. Sytten personar (17,7 %) svarte at dei ikkje hadde brukt rusmiddel siste 12 månader.


**Figur 4 Rusmiddelbruk før innlegging og siste 12 månader før gjennomført kartlegging**



I figur 4 finn vi at mange av respondentane før innlegging hadde ein rusmiddelbruk som omfatta alle hovudkategoriar av rusmiddel og avhengigheitsskapande medikament. Meir enn ni av ti (93 %) brukte amfetamin/ sentralstimulerande stoff, medan sju av ti (72 %) brukte heroin/andre opioider. Over halvparten hadde brukt extacy (63 %), GHB/GBL (53 %) og/ eller illegalt brukt ulike LAR-medikament (52 %). Forbruk av (benzodiazepine (90 %), hasj/THC (85 %), og alkohol (67 %) for denne gruppa var òg høgt.


Rusmiddelbruken for alle kategoriar var svært redusert siste 12 månader før undersøkingstidspunkt, med unntak av for alkohol (68 %). Spørsmålet inkluderer normal alkoholbruk, og bør sjåast i samanheng med Figur 5, tal dagar brukt rusmiddel siste 12 månader.

**Figur 5 Tal dagar brukt rusmiddel siste 12 månader, inkluderer normal alkoholbruk**



Figur 5 viser at hovuddelen av rusmiddelbruken registrert i figur 4 (sjå side 19) for dei siste 12 månadane skjedde hos eit lite utval av respondentane, og svara inkluderer rekreasjonell alkoholbruk. Ein av fire hadde ikkje brukt rusmiddel dei siste 12 månadane (25 %), og over ein fjerdedel av respondentane hadde brukt rusmiddel 1-2 gonger i månaden eller sjeldnare (27 %). Mindre enn ein av ti oppgav inntak av rusmiddel dagleg. Ein av fem (20 %) oppgav å ha inntatt rusmiddel periodevis (sprekk).

**Figur 6 Rusmiddelinntak siste 30 døgn**



Figur 6 viser at tre av fire ikkje hadde intatt rusmiddel siste månad, noko som nyanserer og stadfestar det som kom fram i spørsmål som omhandla rusmiddelbruk siste 12 månader (figur 5, sjå side 20). Sidan dette spørsmålet ikkje spesifiserte type rusmiddel er ikkje respondentsvara korrigert for normalt inntak av alkohol og føreskrivne LAR-medikament som inntak av rusmiddel. To svarte ikkje på dette spørsmålet.


#### Alvorlege livshendingar og forhold

Seksjon Floen tilbyr behandling til unge rusavhengige som er i behov av langtidsbehandling innan TSB. Dette er ei gruppe pasientar der det store fleirtalet har store tilleggsvanskar i form av psykiske lidinger, traume, opplevd omsorgssvikt, og/eller opplevde skulevanskar. Det store fleirtal av pasientgruppa har relativt lang og tung rushistorikk. I tillegg til pre-morbide vanskar opparbeider dei fleste seg derfor belastningsskadar medan dei rusar seg, i form av kriminalitet, fengsling, økonomiske vanskar, overdosar, vald/opplevd vald, konfliktar i nære relasjonar og det å leve på utsida av normalsamfunnet.

Kunnskap om tilbakefallsproblematikk for populasjonen og kjennskap til at ein stor del av utvalet ville ha hatt ein eller fleire rusperiodar etter første innlegging ved Seksjon Floen, gjorde at vi valde å bruke dei same kategoriane for å undersøke forhold pre-innlegging, og for å kartlegg eventuelle nye forhold som hadde oppstått etter første gong dei vart innlagt ved seksjonen.

Figur 7 viser at utvalet hadde høgt lidingsstrykk på mange område før innlegging. Gjennomsnittleg hadde respondentane vanskar på 4,8 av dei nemnde områda. Ingen svarte at det ikkje var aktuelt for dei. Tre svarte ikkje på dette spørsmålet.

**Figur 7 Forhold oppstått før og etter første innlegging ved Seksjon Floen**



Før innlegging hadde åtte av ti psykiske vanskar (83 %), det same talet hadde eit vanskeleg forhold til nær familie (83 %). To tredjedelar hadde opplevd traume (66 %), og over halvparten hadde skulevanskar (55 %). Seks av ti hadde opplevd overdose (60 %), og ein av fire hadde forsøkt å ta sjølvmort (27 %). Nesten fire av ti oppgav at dei var valdelege, og sju av ti hadde gjort seg skuldig i kriminalitet, var domfelt, hadde vore i fengsel (69 %).


Fleire av respondentane rapporterte å ha opplevd nye vanskar på fleire område etter første innlegging ved Floen, gjennomsnittleg på 2,2 av dei førespurte områda. På fleire av områda vil svara ikkje nødvendigvis tilseie nye forhold, men kunne gjenspegle respondenten si oppleveling av vanskane som nye, sjølv om forholda oppstod pre-innlegging. For ein av fire (26,4 %) var nye forhold ikkje aktuelt etter første innlegging. Fem svarte ikkje på dette spørsmålet.

### Arbeid, inntekt og utdanning før og etter innlegging


Det å ikkje fullføre vidaregåande skule aukar risiko for arbeidsløyse og det å bli sosialhjelpløsmottakar (Hernes, 2010). Meiningsfull aktivitet i form av jobb eller skule er ein viktig faktor for den enkelte sin rehabiliteringsprosess, og forventning om framtidig yrkesdeltaking er ein viktig faktor for seinare arbeidslivsdeltaking (Mike Slade, 2009; Camilla Løvvik, 2015 ).

Bruk av rusmiddel er forbunde med store kostnader. På spørsmålet om hovudinntektskjelde før innlegging (figur 8) oppgav trettifem respondentar at dei hadde to eller fleire inntektskjelder, i hovudsak ei innanfor dei lovelige kategoriene, og den andre i kategoriene «Ulovlig virksomhet» eller «Annet». Berre ein av sju oppgav arbeidsinntekt som hovudinntektskjelde.

**Figur 8 Hovedinntektskjelde de siste 12 månadane før første innlegging**




Omtrent ein tredjedel hadde støtte frå NAV i form av arbeidsavklaringspengar, medan heile fire av ti levde på sosialstønad. Over ein tredjedel oppgav ulovleg verksemد som hovudinntektskjelde (37 %), fleire oppgav dette som einaste inntektskjelde.

**Figur 9 Hovudinntektskjelde siste 12 månader**

Hovudinntektskjeldene til respondentane siste 12 månader (figur 7, sjå side 22) viste store endringar i retning av planlagde og ordna økonomiske rammer. Nesten ni av ti oppgav arbeidsinntekt (42 %) eller arbeidsavklaringspengar (45 %) som einaste hovudinntekt. Berre ein person oppgav no ulovleg inntekt som hovudinntektskjelde (1 %), og om lag ein av tjue oppgav sosialstøtte som hovudinntekt (6 %).


**Figur 10 Høgaste fullførte utdanning før innlegging og no**



Gjennomsnittsalder ved første innlegging var 24, 1 år (figur 18, sjå side 35). Det er ein del av forklaringa på at over halvparten ikkje hadde fullført vidaregåande skule før innlegging (54 %). Ein fjerdedel hadde fullført vidaregåande før innlegging (26 %), medan ein av sju hadde fagbrev (14 %). Ein av femti hadde høgare utdanning (2 %).

Figur 10 synleggjer endringane i utdanningsnivå frå før første innlegging til no. Den viser ei forskyving i retning av fullført høgare utdanningsnivå, med ein stor reduksjon i tal personar som rapporterte grunnskule som høgaste utdanningsnivå (redusert med 17 %), og tilsvarende auke i tal respondentar som hadde fullført meir skulegang. Fullført vidaregåande skule auka med 5 %, fagbrev auka med 6 % og høgare utdanning med 8 %.

**Figur 11 Lengde samla tid i jobb og utdanning etter første innlegging**



Figur 11 viser at ein fjerdedel har vore i jobb/utdanning i to til fem år (25 %) og nesten ein av seks har vore i jobb/utdanning i over 5 år (16 %). Ein av åtte (13 %) har vore i jobb/ utdanning heilt sidan første innlegging. Ein femtedel hadde ikkje vore i jobb sidan første gong i døgn ved Seksjon Floen (20 %), i dette talet kjem dei som fortsatt er i døgnbehandling på undersøkingstidspunkt.

### Kontakt med hjelpeapparatet vedrørande rusrelaterte problem etter innlegging

Seksjon Floen si pasientgruppe har behov for bistand frå ulike delar av hjelpeapparatet, både på statleg og kommunalt nivå. Denne pasientgruppa har generelt stort fråfall i behandling (Lauritzen, Ravndal og Larsson, 2012). Seksjon Floen sin fasemodell inkluderer døgn i skjerma omgjevnader, døgn i vidareføringsfase, i tillegg til poliklinisk oppfølging i forkant og etterkant av døgnfasane. Innanfor eit slikt pasientløp skjer mykje av samhandlinga med andre hjelpeinstansar medan dei fortsatt er i behandling (i døgn og poliklinikk).

Ein av tre avkrefta å ha hatt kontakt med andre deler av hjelpeapparatet vedrørande rusrelaterte problem etter første innlegging ved Seksjon Floen (30 %). Dette var eit generelt spørsmål som omhandla rusrelatert kontakt med ulike delar av hjelpeapparatet, uavhengig av forvaltningsnivå. Ein svarte ikkje på dette spørsmålet, medan over to tredjedelar (70 %) hadde hatt kontakt med andre hjelpeinstansar etter første innlegging ved Seksjon Floen.

Tabell 3 viser kor mange av desse som hadde hatt kontakt etter første innlegging, og kor mange som hadde kontakt med ulike deler av hjelpeapparatet på undersøkingstidspunkt.

**Tabell 3 Kontakt med hjelpeapparatet etter første innlegging, vedrørande rusrelaterte problem**

Instansar	Kontakt på utfyllingstidspunkt	Avslutta kontakt
NAV	44	18
Fastlege	40	12 <sup>4</sup>
Sjølvhjelpsgrupper	4	14
Kommunale helse- og omsorgstenester	17	20
Kriminalomsorg/politi/fengsel	5	25
Poliklinisk spesialisthelseteneste	24	19
LAR	16	4

NAV og fastlege er dei tenestene flest hadde hatt kontakt med om rusrelaterte problem etter første innlegging. Det er i tråd med dei samarbeidsrutinane som ligg i Seksjon Floen sin modell for fast samarbeid med førstelinjetenestene, i høve til jobb/utdanning og fastlegetenester, spesielt i fase 3 og fase 4. Ein sjetteandel av respondentane hadde etter første innlegging mottatt Legemiddel Assistert Rehabilitering (LAR). Ein fjerdedel av desse hadde avslutta LAR-behandling før tidspunktet for denne undersøkinga. Berre ein av tjue hadde kontakt med politi/kriminalomsorg/ fengsel no. Ein fjerdedel hadde hatt kontakt med ein eller fleire av desse tenestene etter første innlegging ved Seksjon Floen. For ein del av respondentane vil dette vere gamle saker, som er forseinka i rettssystemet.

---

<sup>4</sup> Innlagte pasientar i døgneining i spesialisthelsetenesta har krav på legetenester gjennom institusjonslege. Elevar innlagt ved Seksjon Floen bruker i stor grad institusjonslege til rusrelaterte vanskar i heile perioden dei er innlagt.

**Tabell 4** Tal innlagt i andre døgninstitusjonar etter 1. innlegging.

Type institusjon	Under 4 veker	Over 4 veker	Totalt
Institusjonsopphald Døgn TSB	12	30	42
Institusjonsopphald Døgn Psykisk helsevern	9	5	14
Somatisk sjukehus	15	8	23


Etter første innlegging ved Seksjon Floen hadde over 40 % av respondentane vore innlagt i andre institusjonar innan TSB. Omrent to tredjedelar av desse opphalda varte i meir enn fire veker. Kartlegginga skilde ikkje mellom avrusning / stabiliseringsopphald, og døgnbehandling i TSB, og ein kan tenkje at tala inkluderer avrusningsopphald og opphold ved akuttpost i forbindelse med «sprekk» i pågåande innleggingsperiode ved Seksjon Floen.

**Tabell 4** viser at ein av fem har vore innlagt på somatisk sjukehus grunna sine rusrelaterte vanskar, medan i overkant av ein tiendedel har vore innlagt i psykisk helsevern etter første innlegging ved Seksjon Floen. Korttidsopphalda inkluderer Psykiatrisk akuttmottak (PAM), Akuttpost for rusmedisinsk hjelp, og Akuttmottak, i tillegg til korte elektive opphold i spesialisthelsetenesta.

## Psykisk og fysisk helse no

Rusmiddelavhengigkeit er ein av dei største årsakene til tapte leveår både internasjonalt og i Noreg (Knudsen, et.al., 2017). I vår undersøking spurte vi generelt og spesifikt om både psykisk og fysisk helse siste tolv månader.


**Figur 12** Eigenvurdert psykisk og fysisk helse siste 12 månader



Figur 12 viser at to av tre respondentar no vurderte si psykiske helse å vere svært god. Ein fjerdedel vurderte si psykiske helse som nokså god. Det same mønsteret gjaldt for respondentane si fysiske helse. Over halvparten vurderte si fysiske helse som svært god, medan ein av tre vurderte si fysiske helse som nokså god.


Ein av ti hadde svært dårlig psykisk og psykisk helse på utfyllingstidspunktet. Hovudvekta av desse respondentane var blant dei som hadde inntatt rusmiddel siste månad (Figur 6, sjå side 21).

**Figur 13 Psykiske lidinger siste 12 månader**



Figur 13 viser fordeling av sjølvrapporterte psykiske vanskår siste 12 månader. Respondentane kunne her krysse av på alle dei plagene dei opplevde. Dei som opplevde flest psykiske vanskår var dei som hadde inntatt rusmiddel siste 30 døgn. Dei vanlegaste psykiske plagene var tankekjør (43 %), kroppsleg uro (39 %) konsentrasjonsvanskår (38 %), sosiale vanskår (30 %) angstplager (31 %), søvnplager (28 %) og depresjon (28 %).

**Figur 14 Fysiske lidinger siste 12 månader**



Figur 14 viser fordeling av sjølvrapporterte fysiske vanskar siste 12 månader. Dei vanlegaste fysiske plagene var Hepatitt (35 %), dårlig tannhelse (21 %), muskel og skjelettlidinger (17 %), smerteproblem (15 %), Allergi (14 %) og luftvegslidning (13 %).

## Livssituasjonen siste 12 månader


Ein av dei største utfordringane for pasientgruppa i TSB er å bli integrert i «normalsamfunnet». Mange har dårleg økonomi, blir einsame, har lite og dysfunksjonelt nettverk, komplisert relasjon til familie/partnar, og opplever stor grad av ikkje-meistring i høve til kvardagsliv over tid.

### Nettverk og nære relasjoner

Halvparten av respondentane oppgav å ha kjæraste eller sambuar/ektemake på utfyllingstidspunkt (46 personar), medan førtini av respondentane var einslege. Ein svarte ikkje på dette spørsmålet. Over halvparten hadde barn (52), Tjuefire respondentar hadde to eller fleire barn. Tre av respondentane hadde vaksne barn, medan tretti respondentar hadde omsorg for barna sine. Elleve oppgav at dei hadde formelt samver med barna sine og tolv hadde barn, men ikkje omsorg eller samver med desse på utfyllingstidspunktet.

Eit nettverk av personar som ikkje har ein problematisk rusmiddelbruk er viktig for å oppretthalde ein rusfri kvardag, og figur 15 viser korleis respondentane skildra eigen omgangskrets i høve til rus, siste 12 månader før utfylling av spørsmålsskjema.

**Figur 15 omgangskrets siste 12 månader.**




### Tilfreds med livssituasjonen no

Figur 16 viser kor tilfreds respondentane er på ulike område i livet sitt dei siste 12 månadene før undersøkinga.

Fire av ti er i lita eller svært lita grad nøgd med den økonomiske situasjonen sin. I underkant av ein tredjedel er i stor eller svært stor grad fornøgd med den økonomiske situasjonen sin. Halvparten av respondentane er svært og i stor grad tilfreds med arbeidssituasjonen sin, medan ein tredjedel i lita og svært lita grad er fornøgd med denne. Seks av ti er i stor og svært stor grad fornøgd med busituasjonen sin (59 %). Ein av fem er i lita og svært lita grad fornøgd med denne (21,5 %).

På det generelle spørsmålet om helse, er det i overkant av ein tiandedel som er lite og svært lite tilfreds med helsa si, medan over halvparten er i stor og svært stor grad fornøgd med denne.

**Figur 16 Tilfredsheit dei siste 12 månader**



På område som omhandlar nettverk og nære relasjoner, er dei fleste godt fornøgde. Over halvparten er svært og i stor grad fornøgd med forhold til familie, medan nesten halvparten i svært stor og stor grad er tilfreds med sine vener. Dei som har barn og partner er i svært stor og stor grad tilfreds med forholdet til desse. Eit fåtal er i svært lita grad tilfreds med forhold til familie (4/94). Medan berre åtte av dei 55 som har barn/ har partner som har barn i svært lita grad er fornøgd med forholdet til desse. Totalt 61 har svart at dei har partner, 7 av desse er i svært lita grad tilfreds i dette forholdet.


## Del 2

### Behandlingsoppahldet ved Seksjon Floen

#### Grunnar til å søkje behandling ved Seksjon Floen

Inklusjonskriteriet for deltaking i denne undersøkinga var innlegging i døgn. Seksjon Floen sitt behandlingstilbod er krevjande for den enkelte å forplikte seg til, og det utgjer ein naturleg seleksjon i forkant av innlegging i døgn. Figur 17 viser grunnane dei oppgav for å velje akkurat denne behandlinga.

**Figur 17** Oversikt over grunner til å søkje behandling ved Seksjon Floen




Alle svarte på spørsmål om kvifor dei søkte seg til behandling ved Seksjon Floen, i snitt gav dei opp 2,8 grunnar for å søke seg til behandling her. Dei fire viktigaste grunnane til å søkje seg til seksjonen var: «langtidsbehandling» (61,5 %), «anbefalt av hjelpeapparatet» (50 %), «medikamentfritt» (41,7 %), «kjenner andre som har vore i behandling» (30,2%).

### Innlegging og tid i behandling

Figur 18 viser alder ved første innlegging. Gjennomsnittsalderen var 24,1 år. Den yngste var 18 år og den eldste 32 år ved første gongs innlegging i Floen døgn. Gjennomsnittsalder for kvinner er 23,4 år og for menn er den 24,4 år.

**Figur 18 Aldersfordeling blant elevane ved første innlegging i døgnbehandling ved Seksjon Floen**




Tabell 5 viser fordeling mellom samla tid i behandling og samanhengande tid rusfri. Samanhengande rusfri tid seier noko om opparbeidd stabilitet i rusmeistring over tid. Det blir eit mål som kan skilje mellom dei som har lang samla rusfri tid, med hyppige korte periodar med problematisk rusmiddelbruk (sprekk), og dei som klarer å leve utan tilbakefall, både i gode og i meir krevjande livsperiodar, og slik viser ein grunnleggande endring i måten dei lever livet sitt på. Tabell 5 viser ein signifikant samanheng mellom tid i behandling og samanhengande tid rusfri ( $p < ,05$ ).

**Tabell 5 Samanliknar samanhengande tid rusfri med samla behandlingstid ved Seksjon Floen (døgn og poliklinikk)**

	Tid rusfri							
	0-6 mnd	6-12 mnd	12-18 mnd	18-24 mnd	2-3 år	3-5 år	Over 5 år	Hele tiden
Behandlingstid	1,14	3,41	1,14	0,00	1,14	0,00	0,00	0,00
0-6 mnd	1,14	3,41	1,14	0,00	1,14	0,00	0,00	0,00
6-12 mnd	0,00	2,27	1,14	0,00	1,14	1,14	0,00	0,00
12-18 mnd	2,27	2,27	1,14	0,00	1,14	1,14	1,14	0,00
18-24 mnd	2,27	4,55	1,14	2,27	1,14	0,00	2,27	2,27
2-3 år	1,14	2,27	0,00	2,27	5,68	1,14	1,14	2,27
Over 3 år	3,41	1,14	5,68	4,55	3,41	12,50	9,09	6,82

Halvparten av respondentane i undersøkinga (50,5%) rapporterer å ha vore innlagt i døgn på re-inntak, fjorten av dei har hatt fleire re-inntak. Det er på dette spørsmålet ikkje spesifisert skilje mellom brukarstyrt seng og re-inntak. Seksjon Floen sin fleksible fasemodell gjer det sannsynleg at ein del av dei rapporterte re-inntaka er forflyttingar mellom poliklinikk og døgnfase, utan at respondenten har vore avslutta ved seksjonen.

Figur 19 Tid i behandling



Figur 19 synleggjer korleis fordeling av samla tid i behandling (døgn og poliklinikk) og samla tid i døgn fordeler seg i respondentgruppa. Nesten halvparten har vore over tre år i behandling, medan gjennomsnittleg samla behandlingstid i døgn er 12-18 månader.

Figur 20 viser korleis respondentane avslutta behandling ved Seksjon Floen. Mange av dei som no er i behandling kryssa av for at dei tidlegare har avslutta behandlingsopphald. Nitti svarte på dette spørsmålet.

**Fullført behandling:** 31 personar


**Fullført Floen Bergen:** 14 personar

**Avbraut Floen Bergen/fullført Floen Manger:** 13 personar

**Avbraut Floen Manger:** 28 personar

**Avbraut Floen poliklinikk:** 4 personar. Denne kategorien er ein samlekategori for dei som avbraut behandlinga utan å fullføre Fase 4 og dei som avbraut Floen Manger /Floen Bergen, vart overført til poliklinikk og avslutta behandlinga her.

**Figur 20 Avslutning av behandlinga ved Seksjon Floen**




## Evaluering av behandlingstilbodet

Eit av måla for undersøkinga var å gjere ei nærmare kartlegging av ulike behandlingselement ved Seksjon Floen, med særleg fokus på elevane sin opplevde nytteverdi av dei ulike elementa når dei skulle leve eit liv uavhengig av rus.

### Nytteverdi av behandlinga

Figur 21 oppsummerer i kva grad respondentane vurderte dei ulike fasane ved seksjon Floen til å vere viktige og nyttige for deira rehabilitering. Her vurderte respondentane dei fasane dei hadde kjennskap til, utan at det var eit krav om at dei skulle ha fullført fasane dei vurderte nyttegrada av. Det var mogleg å krysse av for «ikke aktuelt» for dei fasane ein ikkje hadde kjennskap til.

**Figur 21 Samla vurdert nytteverdi av den enkelte behandlingsfase ved Seksjon Floen**



Fase 1 (n=66), Fase 2 (n=93), Fase 3 (n=72), Fase 4 (n=64)

Fase 1 vurderte ein av tre som lite nyttig og viktig for eiga rehabilitering (33 %). Omrent halvparten av respondentane vurderer at denne i stor grad har vore nyttig for deira rehabilitering (49 %).

Fase 2 er inklusjonskriteriet for å delta i undersøkinga. Dette er den einaste delen av behandlinga alle deltakarane har deltatt i. Normal behandlingsperiode utan avbrot i Fase 2 kan variere mellom 6 - 15 månader. For utvalet varierer deira samla behandlingstid i døgn (fase 2 + fase 3) frå 2 døgn til 3 år. Ni av ti vurderer å ha hatt stort utbytte av denne fasen i forhold til eiga rehabilitering (87 %). Ein av tjue vurderer å ha hatt lite utbytte av denne fasen (5 %).


Fase 3 vurderte meir enn fire av fem i stor grad å ha vore viktig og nyttig for deira rehabilitering (85 %). Ein av tjue opplevde ikkje denne fasen som nyttig for rehabiliteringa si (5 %).

Fase 4 har tre fjerdedelar av respondentane hatt stor nytte av i si rehabilitering (73 %), medan i overkant av ein tiandedel i lita grad har opplevd den som nyttig (16 %).

### **Har behandlinga medverka til gode endringar hos deg**

**Figur 22 I kva grad behandlinga har bidrege til ønskt innsikt og endra handlingsmønster**

### **I hvilken grad har behandlingen hjulpet å...**



Målsettinga med behandling i Seksjon Floen er å hjelpe den enkelte til å leve eit liv i tråd med det dei ønskjer, og medverke til at dei oppnår kjensla av å reelt kunne velje korleis dei vil handle, utan å vere styrt av «triggere», eigne därlege erfaringar, därleg samvit , det dei trur andre krev av dei, eller gamle dysfunksjonelle handlingsmønster.

I kva grad dei har opplevd at behandlinga har hjelpt dei med denne oppgåva er illustrert i figur 22. For åtte av ti hadde behandlinga i stor grad medverka til at dei var blitt klar over korleis dei ønskte å vere som person (83 %), medan to tredjedelar hadde opplevd at behandlinga òg hadde hjelpt dei til å oppføre seg slik dei ønskte å vere. (66 %). To svarte ikkje på dette spørsmålet.

I underkant av ein tredjedel opplevde å få noko hjelp til å bli klar over korleis dei ønskte å vere som person, og for ein av ti har behandlinga medverka noko til å oppføre seg slik dei ønskte å vere (10 %).

Ein av ti hadde i lita grad opplevd behandlinga som hjelsam i høve til å bli klar over korleis dei ønskte å vere som person (12 %), mens ein av tjue hadde hatt lite utbytte av behandlinga i høve til å oppførte seg i tråd med det dei ønskte (6 %).


## Evaluering av ulike behandlingselement

I undersøkinga vart det spesifisert eit utval av behandlingselement/strukturar som respondentane skulle vurdere nytteverdien av i høve til kor viktige og nyttige dei var for at den enkelte skulle meistre eit liv uavhengig av rus. Elementutval og ordval vart gjort med mål om å oppnå størst mogleg gjenkjenning hos respondentane, ikkje ut i frå mest korrekt fagleg skildring av dei ulike elementa.

### Overordna behandlingselement

Figur 23 synleggjer om Seksjon Floen i praksis klarte å skape/ gjennomføre ein del av dei overordna behandlingselementa som ligg i det teoretiske grunnlaget for behandlingsmodellen. Vurdert nytteverdi kan sjåast som eit mål på om respondentane opplevde at dei overordna behandlingselementa var til stades, og om dei var verksame i behandlinga til den enkelte. Eit lite fåtal (2-4 personar) har ikkje svart, eller registrert at fleire av desse elementa ikkje var aktuelle for deira behandling.

**Figur 23 Vurdert nytteverdi av ulike overordna element i Seksjon Floen sin behandlingsmodell**



Eit stort fleirtal av respondentane har hatt stor nytte av alle dei overordna elementa som vart undersøkt. Ni av ti seier dei har hatt stor nytte av å vere i «Medisinfri behandling» (89%) og av «Fellesskapet» (85%). Berre ein av tjue har hatt liten eller ingen nytte av desse elementa (5 %).

Åtte av ti har opplevd stor nytteverdi av «Open og direkte kommunikasjon» (83 %), «Å bli møtt med tillit» (82 %), «Eit trygt miljø» (81 %), «Å vere ansvarleg for eiga behandling» (81 %), «Relasjon til tilsette» (81 %), «å få meistringsopplevelingar (80 %) og «opp leve å høyre til/bli inkludert» (78%).

Om lag sju av ti har hatt stor nytte av «å bli møtt med krav og forventning» (72%), og «relasjon til andre elevar» (68%). Dei to områda som kjem därlegast ut har seks av ti opplevd stor nytte av, «klare grenser i høve til vald, truslar og rus» (61%), i tillegg til «å kunne påverke det som skjer» (61%).

#### Arenaer for psykoterapi inkludert familie- og nettverksarbeid

Seksjon Floen sin behandlingsmodell inkluderer ein del faste arenaer for psykoterapi. Det blir på desse arenaene nytta ulike behandlingsmetodar ut i frå elevane sine behov og medarbeidarane sin kompetanse. Blant dei behandlingsmetodane som ofte vert nytta er refleksjonerende team, mentaliseringsbasert behandling, mindfulness, kognitiv åtferdsterapi, gestaltterapi, motiverande intervju, gruppeanalyse og psykodrama. Kunstterapi og musikkterapi er andre viktige terapeutiske behandlingsmetodar, i tillegg til utstrekkt fokus på par-, familie-, og nettverksarbeid. I undersøkinga kartla vi opplevd nytteverdi av dei ulike arenaene for elevane si seinare rusmeistring.

Figur 24 (sjå side 44) viser at ni av ti hadde hatt stor nytteverdi av individalsamtaler (89 %), medan tre av fire hadde hatt stor nytte av prosessgrupper (75 %). Over halvparten hadde hatt god nytte av behandlingsplanlegging/ behandlingsplan (57 %), målgrupper (56 %) og medbestemming i storgruppe (50 %). Samling hadde hatt stor nytteverdi for fire av ti (42 %). Få hadde opplevd desse å ikkje vere til stades i behandlingstilbodet dei fekk.


Familie-, par- og nettverksarbeid er generelt komplekst og samansett i behandling av rusavhengige. Samtidig er mykje av endringspotensialet i livsstil, meistring av kvardagen og god rusmeistring knytt til desse arenaene. Blant respondentane i undersøkinga hadde åtte av ti eit vanskeleg forhold til nær familie før innlegginga (figur 7, sjå side 22).

Familiesamtalar er eitt av fleire viktige behandlingsverktøy som blir nytta i familiearbeid ved Seksjon Floen, for å betre vanskelege familielerasjoner. Samtalane er avhengig av at den enkelte elev og familie samtykker til at dette inngår som del av behandlinga. 30 personar i utvalet svarte ikkje på dette spørsmålet, eller svarte at familiesamtalar ikkje har inngått i behandlinga. Av dei 67 som deltok i slik behandling sa 39 prosent (26) at dei hadde stort utbytte av desse samtalane. 17 prosent (12) hadde hatt noko nytte av samtalane, medan 44 prosent (29) hadde hatt liten nytteverdi av slike samtalar.

Det er 49 respondentar som svarte positivt på at parsamtalar hadde vore ein del av behandlinga ved Seksjon Floen (51 % av alle). Av desse hadde halvparten hatt stor nytte av denne behandlinga (49 %), medan over ein tredjedel hadde hatt liten nytte av denne (37 %).

I utvalet var det 15 som ikkje svarte/ ikkje opplevde at nettverksarbeid hadde vore ein del av behandlinga. Av dei 81 som hadde svart at behandlinga inkluderte nettverksarbeid, hadde ein tredjedel opplevd å ha stor nytte av det (35%), ein tredjedel hadde opplevd å ha noko nytteverdi (30%) og ein tredjedel hadde hatt liten nytte av denne delen av behandlinga (35%).


**Figur 24 Vurdert nytteverdi av ulike terapeutiske behandlingarenaer**



## Arbeidsdag, jobb, gjeld og aktivitetar

Eit av grunnprinsippa for endringsarbeid ved Seksjon Floen er at den enkelte elev må kunne opparbeide meistringsoppleving på ulike livsområde for å oppnå varig positiv endring. Nokre av dei områda mange rusavhengige har lite eller inga erfaring og meistring på å handtere rusfritt er: arbeidsevne, samarbeidskompetanse, praktiske kvardagssoppgåver, økonomistyring, jobbsøking og fungering på arbeidsplass, organisering av oppgåver, fritidsaktiviteter, og det å vere i sosiale settingar som strekker seg over tid. Fleire av strukturane og rammene i Seksjon Floen sitt behandlingsforløp er organisert med mål om å hjelpe elevane til å få erfaring og meistring på desse områda.

**Figur 25 Vurdert nytteverdi av ulike faste strukturar i behandlinga**



Figur 25 viser vurdert nytteverdi for eit utval av desse. Nesten ni av ti vurderte struktur og rammer generelt til å ha vore svært nyttig (86 %). Treningsturar (78 %) og deltaging på sosiale aktivitetar og feriar (68 %) vurderte rundt tre fjerdedelar å ha vore svært nyttig. To tredjedelar av respondentane hadde hatt stor nytte av arbeidsdagen ved Floen Manger (65 %), medan over halvparten hadde hatt stor nytte av arbeidsleiarfunksjonen på Floen Manger (58 %). Om lag ein av ti hadde hatt liten nytteverdi av desse strukturane.

I Fase 3 deler to og to av elevane leilegheit, med alle dei utfordringar og gleder det medfører. 24 elevar svarte ikkje /hadde ikkje opplevd denne behandlingsstrukturen. Av dei 72 elevane som hadde opplevd dette hadde halvparten hatt stor nytte av denne erfaringa (47 %). Tre av ti hadde hatt noko nytte av denne erfaringa (31 %), medan to av ti i lita grad hadde hatt nytte av denne erfaringa (22 %).

Størstedelen av dei som kjem i behandling ved Seksjon Floen har før innlegging opparbeidd seg stor gjeld. For 18 av respondentane var arbeid med gjeld, budsjett og økonomi ikkje aktuelt eller dei hadde ikkje svart. For dei 78 som hadde fått tilbod om slik hjelp hadde over halvparten hatt stor nytte av det (55 %), medan omtrent to av ti hadde hatt noko nytte av hjelpa (23 %), og lita nytte av hjelpe på dette området (22 %).

Fokus på arbeid og utdanning har vore eit av hovudelementa i Fase 3 sidan vidareføringsfasen vart oppretta i 1989. «Jobb først» vart etablert i Seksjon Floen i samarbeid med NAV og Albatrossen i 2012. For å samle opp nytteverdi av fokus på dagtilbod både før og etter etableringa av «Jobb først» vart det sett opp to ulike spørsmål for å måle dette området. Mange har valt å berre svare på eitt av desse spørsmåla då det samla er 70 respondentar som ikkje har svart /svart ikkje aktuelt. Samla har 122 vurdert nyttegrad av desse tiltaka, så fleire har svart både på «jobb først»-støtte og det meir generelle «Nytteverdi av dagtilbod i Fase 3».

Svara viste at av dei 54 som svarte på «Nytteverdi av jobbstøtte i «Jobb først» hadde seks av ti (62 %) hatt stor nytteverdi av dette. Sju av ti hadde hatt stor nytte av «dagtilbod i Fase 3» (71 %). Ti og tolv personar hadde hatt liten nytte av denne delen av behandlinga.

# OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Det er gjennomført ei systematisk evaluering av Seksjon Floen sitt behandlingstilbod i perioden 2004-2014. Det vart lagt til grunn tre hovudfokusområde: kartlegging av eleven pre-innlegging, kartlegging av tida etter første innlegging og livskvalitetsfaktorar siste 12 månader, i tillegg til evaluering av behandlingsophaldet ved Seksjon Floen.

## Avgrensingar og styrker ved studien

Det var ein retrospekt, ikkje - kontrollert studie, basert på sjølvrapportert informasjon. Studien inkluderte både personar som var i behandling på utfyllingstidspunkt og personar med lang tid sidan behandlingsopphald ved Seksjon Floen. Tid sidan behandling varierte mellom 1 og 11 år. Resultata i denne rapporten inkluderer heile utvalet og ein kan difor ikkje konkludere at resultata er utslag av behandlinga som er gitt.

Undersøkinga vart gjennomført med hjelp frå interne ressursar, og med hjelp frå internt personale for å komme i kontakt med respondentane. Ein veit at slike interne undersøkingar potensielt kan gje ein del utfordringar og bias i høve til kva som blir evaluert, utvalet og potensielt påverke datainnsamling.

Utvalet utgjorde omtrent halvparten av heile populasjonen. Utover kjønnsfordelinga kan ein ikkje vite om utvalet er skeivfordelt i høve til heile populasjonen, og eventuelt på kva område. Bruk av pasientopplysningsdata i DIPS for å finne oppdatert kontaktinformasjon på dei som ikkje var i kontakt med Seksjon Floen på undersøkingstidspunktet, kan ha påverka utvalet. Oppdatert kontaktinformasjon i DIPS sette oss i kontakt med respondentar som framleis var i behandling for den problematiske rusmiddelbruken sin eller i behov for andre tenester frå spesialisthelsetenesta. Forklaring på dei som ikkje var registrert med oppdatert kontaktinformasjon her, kan både vere at dei klarte seg så godt at dei ikkje lenger var i behov for hjelp frå spesialisthelsetenester, eller at dei fungerte därleg og ikkje hadde kontakt med spesialisthelsetenesta. Andre grunnar til å ikkje ha oppdatert kontaktinformasjon i DIPS kan vere å vere busett i andre helseføretak, i fengsel eller i kontakt med private behandlingsklinikkar.

Inklusjonskriteriet for deltaking i undersøkinga var innlegging i Fase 2. Alle i populasjonen har såleis meistra å bli rusfri i forkant av innlegging. Dei utgjer slik ei selektert gruppe rusmiddelbrukarar som kanskje har betre føresetnader for å oppnå betring. Samstundes viser kartlegging av utvalet pre-innlegging, at respondentane over lengre tid har utvikla ei alvorleg avhengigheit med store tilleggsvanskar og er i den kategorien som i prioriteringsrettleier for TSB blir kategorisert å vere i behov for omfattande og langvarig innsats(Helsedirektoratet, 2017).

Noko av styrken ved undersøkinga er at det var eit naturalistisk utval. Alle som hadde vore innlagt ved Seksjon Floen i perioden vart inkludert i populasjonen. Datamaterialet inkluderer dermed informasjon om det store fleirtalet av populasjonen som har vore i behandling, òg dei som ikkje gjennomførte heile behandlingsløpet.

Gjennomsnittleg behandlingstid for utvalet i døgn var 12-18 månader. Uavhengig av utfall har dette utgjort ein viktig periode for dei fleste. For mange var det nok òg den første lange rusfrie perioden dei hadde hatt på lang tid. Ei slik erfaring vil kunne ha påverka deira vurdering på spørsmål om behandlingseffekt i positiv retning.

## Resultatoppsummering

### Pre innlegging

Resultata indikerer at den gjennomsnittlege eleven ved Seksjon Floen byrja ruse seg tidleg, og hadde ei relativt lang ruskarriere før første innlegging ved Floen døgn. Gjennomsnittsalderen ved første innlegging var 24,1 år. Gjennomsnittseleven hadde før innlegging eit omfattande rusmiddelbruk med lite kontrollert inntak av fleire ulike typar rusmiddel. Føretrekt rusmiddel var sentralstimulerande og ulike typar opiat i kombinasjon med benzodiazepiner og hasj. Mange nytta i tillegg alkohol, anabole steroider og andre narkotiske stoff.

Gjennomsnittseleven hadde før innlegging mykje tilleggsproblematikk i form av psykiske vanskar, problematisk forhold til nær familie, traumehistorikk og skulevanskar, I tillegg til vanskar oppstått som følgje av livet som rusavhengig. Han hadde ikkje fullført vidaregåande skule /fagbrev, og hadde si inntekt gjennom offentleg stønad og ulovleg verksemد av ulikt slag.

### Post innlegging/siste 12 månader

Vi fann at funksjonsnivå for respondentane etter innlegging, og dei siste 12 månadar kunne delast inn i tre hovudkategoriar.

#### Kategori 1

Meir enn seks av ti i utvalet er inkludert her. Dei var enten avhaldande eller rusmiddelbruk var avgrensa til rekreasjonell rusmiddelbruk. Hovudsakleg nytta dei alkohol, men ei lita gruppe av desse røykte i tillegg litt hasj og brukte benzodiazepiner. Dei nytta rusmiddel mindre enn ein gong i veka. Livssituasjonen deira var prega av stabile forhold over tid, med jobb eller utdanning og ordna og planlagde økonomiske forhold i form av arbeidsinntekt eller arbeidsavklaringspengar (NAV). Dei var i stor grad tilfreds med arbeidssituasjon og fritid, sjølv om dei kunne ønske å ha ein betra økonomisk situasjon. Dei var òg godt fornøgd med busitusjonen sin og dei fleste av dei budde i eigen bustad (eigd eller leigd).

Desse elevane hadde svært god psykisk og fysisk helse, sjølv om ein del av dei fortsatt hadde Hepatitt. Nokre av dei sleit med psykiske vanskar i form av søvnplager, sosiale vanskar, angst, tankekjør, konsentrasjonsvanskar og kroppsleg uro.

Dei fleste i denne kategorien hadde eit rusfritt nettverk, og var i stor grad tilfreds med forhold til venner, familie og eventuell partnar. Dei i denne kategorien som hadde barn, hadde enten omsorg for, eller mykje samvær med dei.

### Kategori 2

Består av femten til tjue prosent av utvalet. Dette var tidlegare elevar og elevar i re-inntak, som hadde inntatt mykje rusmiddel i ein eller fleire periodar (sprekk) siste år før undersøkinga. Flesteparten var i aktiv behandling for sine vanskar i TSB. Dei hadde vore i jobb eller utdanning over tid og hadde ordna og planlagde økonomiske forhold i form av arbeidsinntekt eller arbeidsavklaringspengar. Mange var av naturlege årsaker mindre tilfreds i høve til både arbeidssituasjon, økonomi og bustad.

Generelt hadde elevane i denne kategorien nokså god psykisk og fysisk helse, men mange av dei hadde noko høgare psykisk lidingstrykk i form av angst, sønvanskars, konsentrasjonsvanskar, sosiale vanskar, depresjon, tankekjør og kroppsleg uro. Dei hadde samla sett også fleire fysiske lidingar enn elevane i kategori 1.

Ein del av elevane i denne gruppa var mindre fornøgd med forhold til vener, familie, eventuelle barn og til eventuell partner. Nettverket til fleire av desse var mindre stabilt rusfritt. Mange var mest aleine, og fleire hadde nettverk som i hovudsak bestod av aktive rusmiddelbrukarar.

### Kategori 3

Den siste kategorien tidlegare elevar bestod av 15-20 prosent av utvalet. Desse var i stor grad i same situasjon, som før første innlegging ved Seksjon Floen. Dei hadde det likevel verre, fordi dei var eldre og hadde pådratt seg fleire skadar, lidingar og traume. Desse hadde dårlig økonomi, ingen jobb, og omtrent ikkje kontakt med eventuelle barn. Dei hadde ein busituasjon dei var lite fornøgde med, eller stod utan bustad. Elevane innanfor denne kategorien var enten mest åleine, eller hadde eit nettverk bestående av andre i aktiv rus. Dei fleste var lite tilfreds med forhold til vene, familie, og eventuell partnar.

Dei fleste av desse hadde svært dårlig psykisk og fysisk helse, med høgt psykisk lidingstrykk og multiple fysiske lidingar.

## Behandling ved Seksjon Floen

Fleksibiliteten i behandlingsmodellen ved Seksjon Floen gjer at halvparten av utvalet hadde vore i behandling ved Seksjon Floen i over 2 år, over halvparten hadde vore re-innlagt i døgn, ein eller fleire gonger. Samanhengen mellom samla tid i behandling og samanhengande tid rusfri var statistisk signifikant. Tid rusfri var ikkje avhengig av at dei fullførte alle fasane i behandlinga.

Det generelle bildet respondentane gav av behandlinga dei hadde motteke ved alle dei ulike fasane ved Seksjon Floen, var at den har hatt stor nytteverdi for deira arbeid med å skulle meistre eit liv uavhengig av rus. Åtte av ti vurderte at behandlinga i stor grad hadde hjelpt dei å bli klar over korleis dei ville vere som person. For to av tre hadde behandlinga i stor grad hjelpt dei til å oppføre seg slik dei ville vere som person.

Eit overveldande fleirtal, uavhengig av lengde på behandlingsopphold i Floen, kjende att og hadde hatt god nytte av, dei fleste av dei trettito ulike behandlingselementa/strukturane dei vart bedne om å vurdere. Trass ein del variasjon på kva element dei fleste vurderte som mest nyttig, var det ei overvekt av dei overordna og meir generelle elementa i den terapeutiske samfunnsmodellen som samla hadde høgast nytteverdi. I tillegg vart struktur og rammer framheva av omtrent ni av ti som behandlingselement med stor nytteverdi for den enkelte. Dette indikerer at seksjon Floen har klart å skape eit sosialt læringsmiljø som både er realistisk nok til gi overføringsverdi til storsamfunnet, men samtidig er trygt nok til at elevane har klart å få gode endringserfaringar.

Individualsamtaalar er det elementet flest har hatt stor nytteverdi av. Det er interessant i ein behandlingsmodell som vektlegg fellesskapet som metode. Sidan så mange av fellesskapselementa blir vurdert å ha nesten like god nytteverdi kan ein ikkje konkludere med at behandlingsmodellen bør endrast i retning av meir individuell behandling. Det vil vere interessant å sjå nærmare på innhald og bruk av individualsamtaalar i seksjonen for å finne kva som gjer dei til ein så nyttig del av behandling innanfor eit terapeutisk samfunn.

